

Prosjektskisse

Sikring, registrering og tilrettelegging av samlingar etter Knud Knudsen og Nils Tokheim

Mål og tiltak i prosjektet

Sikra, registrera og gjera tilgjengeleg unikt materiale etter fotografen og fruktdyrkaren Knud Knudsen (1832 – 1915). Sikra, sortera og registrera samlinga etter ingeniør Nils Tokheim (1874 – 1966). Utarbeida ein plan for vidare kartlegging av Knudsen-relatert materiale som kan vera grunnlag for ei permanent Knudsen-utstilling / eit Knudsengalleri .

Søknaden omfattar midlar til arbeidstid for dokumentasjon, sortering, registrering og lagring av den aktuelle samlinga med arkivalia, fotografi, trykksaker og gjenstandar. Vidare arbeidstid for planarbeid og sluttrapport. NVIM søker difor prosjektmidlar for å dekkja del av lønnsmidlar til prosjektmedarbeidar i 3 månader.

Samlingane omfattar

Brev frå Knud Knudsen til systera Marta (gjenoppdaga i 2014 og gjort kjende gjennom filmen og boka *Album* ved Ibis Film / Lisbeth Dreyer, 2015, sjå vedlegg), diverse diplom for fruktdyrking og fotografi, eit signert foto som var gåve frå keisar Vilhelm 2 til Knudsen, kister med trykksaker og arkivalia, treskrin og fotoapparat med to ulike linser etter Knudsen, diverse anna.

Samlingane er omfattande og ligg for det meste i fem kister på eit loft.

Historikk

Knud Knudsen er kjend som ein svært aktiv fruktdyrkar parallelt med at han var ein profilert Bergens- og turistfotograf. Han var pionér på begge felt. Det meste av fotosamlinga etter han er sikra og formidla ved Billedsamlingen, UiB. Unikt fotomateriale finst òg hjå private og mellom anna ved Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM). Gjenstandsmateriale og private arkivalia etter Knud Knudsen er derimot ikkje tidlegare samla i ein institusjon.

Nils Tokheim var systerson til Knud Knudsen. Han fekk støtte til utdanning frå morbroren og han representerer i seg sjølv dei mange norske ingeniørane som vart utdanna utanlands. Han er den som har teke vare på det meste av materialet etter Knudsen som er bevart på bruk 5 på Tokheim. Materialet etter Knud er dels blanda inn i samlinga etter Nils og alt bør difor i utgangspunktet takast vare på.

Jan Reidar Tokheim (JRT), bruk 5 på Tokheim, eig samlingane. Han ønskjer at samlingane skal flyttast frå garden til trygg oppbevaring ved ein lokal institusjon med sikre magasin og langsiktige perspektiv for forskning og formidling. Flytting bør gjerast så fort som mogleg for å sikra materialet. Skifte etter foreldra Olga og Knut Tokheim vert halde no våren 2016. NVIM og JRT skal inngå avtale om deponering / overtaking og bruk av materialet. NVIM har gode arkivlokale og lange liner for arbeidet vårt med Knud Knudsen (sjå vedlegg).

Hardanger og Voss Museum (HVM), NVIM og JRT er i møte den 18.2.2016 samde om at NVIM bør ta imot og forvalta samlingane. Andre arvingar etter Olga og Knut Tokheim har sagt frå seg arverett til materialet og skriftleg samtykt i at det kan deponerast ved ein eigna institusjon. HVM ønskjer å låna frå samlinga til Knudsen-utstillingar i 2016 – 2017.

Samlingane er ein skatt. Det er raust av JRT å overlata samlingane slik at dei kan kome publikum og kulturforskinga til gode. Knud Knudsen var den største frå Odda i sitt hundreår og arven etter han kjem til å "overleva" vår tids mest kjende personar. Fleire har føreslått at det bør vera Knud Knudsen-galleri i Odda. NVIM tok formelt til orde for dette overfor Odda kommune alt i 1996 då programmet Arven vart lansert ved NVIM. Kommunen gav positive tilbakemeldingar og deponerte "Knudsen-samlinga" frå Odda bibliotek ved NVIM for å styrka eit felles miljø. Det er no tida for å samla andre kulturskattar enn det fotografiske etter Knudsen og arbeida vidare mot eit Knudsen-galleri som kan profilera Hardanger og Knud Knudsen.

Innhald i prosjektet

Fotografera / dokumentera samlinga slik alt står på Tokheim i dag og så snart som råd pakka om og flytta alt til NVIM / Senter for industriarkiv (SINDARK) der det er gode arbeidsforhold. Vidare pakka ut, reingjera, registra og plassera i eigna emballasje. Pakking og flytting mm gjer NVIM som eigeninnsats, uavhengig av prosjektmidlar. NVIM tar òg ansvar for utforming av avtalar og utlån til HVM. Materialet skal også tilretteleggjast/formidlast for publikum, spesielt digitalt.

Toralv Mikkelsen og Jan Reidar Tokheim tilbyr å arbeida frivillig i prosjektet, noko vi set stor pris på og vil nytta oss av.

Organisering

PA: Direktør NVIM

PL: Fagkonsulent NVIM

Framdriftsplan

Aktivitet	Tid	Merknad
Fotografering, nedpakking, flytting	mai	
Utpakking, registrering, utlån, plassering	juni- sept	
Tilrettelegging/formidling	okt-april	
Sluttrapport med plan for vidare tiltak	mai	

Budsjett og finansiering

Utgifter		
Lønn- og personalkostnader	Kr 150 000	
Materiell og anna	Kr 6 000	
Sum utgifter	<u>Kr 156 000</u>	
Inntekter:		
Kulturfondet Odda kommune	Kr 52 000	Innvilga
Hordaland Fylkeskommune	Kr 80 000	
NVIM eigeninnsats	Kr 14 000	
Annan eigeninnsats	Kr 10 000	
Sum inntekter	<u>Kr 156 000</u>	